



RAGN-SELLES AS AVD SUNNHORDALAND
Postboks 453
1471 LØRENSKOG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ingrid Leirvik Olsen, 5557 2059

Vedtak om endring av løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg for Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland

Statsforvaltaren endrar løyvet til Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland. Det endra løyvet inneberer ein auking i årleg totalmengde avfall frå 20 000 til 30 000 tonn, i tillegg til ein auka lagringsmengde stykkgoods frå 200 til 350 tonn. Aktiviteten skal gå føre seg innanfor allereie eksisterande krav i løyvet.

Vi viser til søknad av 21. mars 2024 om endra løyve til verksemd etter forureiningslova.

1. Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland endrar Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland sitt løyve til drift av avfallsanlegg, slik at verksemda får utvida lagringsmengde stykkgoods av farleg avfall og auka årleg totalmengde avfall.

Vilkår for drift av avfallsanlegg ligg som vedlegg. Endringane i løyvet gjeld frå dags dato.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og endra med heimel i § 18.

Varsel om saksbehandlingsgebyr

Verksemda skal betale gebyr for vårt arbeid med løyver, jf. forureiningsforskrifta kapittel 39. Grunnlaget for val av gebyrstas er vår ressursbruk ved behandling av søknaden. I denne saka har vi valt gebyrsats 6 som er 47 300 kroner (sats for 2026), jf. forureiningsforskrifta § 39-4.

Kommentar til varselet om gebyr kan sendast oss innan to veker etter at dette brevet er motteke.



2. Kort om bakgrunn for saka

Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland søker om å auka ramma for årleg mottak og lagring av farleg avfall, ref. pkt. 1.1 i løyvenummer 2017.0653.T. av 28. august 2017, og samstundes ein auke i ramma for mottak av ordinært avfall.

Dei ønsker å auke årleg mengde for mottak av ordinært avfall frå 20 000 til 30 000 tonn. Mengdene verksemda har motteke har auka gradvis over tid, og de ønskjer å auka lagringsmengda for å ikkje komma i konflikt med løyvet.

Verksemda søker om å auke mengde stykkgoods av farleg avfall de kan lagre frå 200 til 350 tonn, som vil gi totalt 450 tonn farleg avfall på lager. Mengde på tank vil bli uendra.

Tiltakshavar meiner de har tilstrekkeleg kapasitet på anlegget, med stort nok areal med tett dekke og tak. Beredskapsnivået er skalert for å kunne handtera lagerets kapasitet, og det er rutinar for å blant anna hindra samlagring av inkompatible stoff, ivareta HMS og varslings. Miljørisiko/konsekvens som auka fare for brann, eksplosjon, avrenning og liknande blir av tiltakshavar rekna som minimal i forhold til dagens nivå. Meir logistikk medfører meir støv og støy, men dette blir også rekna som handterbart.

2.1. Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-vartilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følger for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Forureiningsforskrifta kapittel 36

EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED) er teke inn i norsk rett i mellom anna forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren skal sjå til at bedrifter med løyve til forureinande verksemd bruker det som vert rekna som beste tilgjengelege teknikkar (BAT) i den aktuelle bransjen og minst tilfredsstillar tilhøyrande utsleppsnivå (BAT-AEL).



Nasjonalt prioriterte stoff

Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte, slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

3. Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

Grunngjeving for vedtaket

Statsforvaltaren har oppdatert løyve til forureinande verksemd på bakgrunn av søknad frå Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland.

Fare for forureining

Statsforvaltaren vurderer at ei auking i lagringsmengde med farleg avfall og årleg totalmengde med avfall ikkje vil ha negativ påverknad på naturmangfaldet da det allereie er eit etablert industriområde. Vi har difor ikkje vurdert nærare dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk tilstand innan 2027. Vasskvaliteten i Klosterfjorden utanfor Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland sitt område har i følge data i Vann-Nett¹ dårleg kjemisk og moderat økologisk tilstand. Ein skal ikkje tillate aktivitetar som gir dårlegare miljøtilstand enn det som vassforskrifta kallar god økologisk tilstand.

Statsforvaltaren har konkludert med at endringa er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter en samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved endringa jamførte med fordelar og ulemper endringa elles vil medføra, gir vi løyve til endringa på nærare fastsette vilkår stilt i vedlegg 1.

Krav om ny «Utgreiing av utslepp til vatn»

Løyvet av 2017 inneheld vilkår om «Vurdering av lokal reinsing» og «Krav om tilstandsrapport om forureina grunn og grunnvatn». Statsforvaltaren har lest gjennom samla rapport² utarbeida av COWI AS (28. juni 2018), og evaluerer at verksemdas utgreiing av lokal reinsing ikkje er tilstrekkeleg. I rapporten påpekast det behov for ytterlegare prøvetaking og analyse. Nytt krav kjem fram i løyvet i vilkår 4.3. Frist for innsending av utgreiing er **1. juni 2026**.

Mottatt tilstandsrapport om grunn og grunnvatn vil gåast gjennom samtidig som vi ser på verksemdas utgreiing av utslepp til vatn.

BAT-vurdering

Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland driv med aktiviteten mellomagring av over 50 tonn farleg avfall, jf. forureiningsforskrifta § 36 vedlegg I, punkt 5.5, og er omfatta av industriutsleppsdirektivet (IED). Det er ikkje bindande BAT-AEL i BAT-konklusjonane for mellomagring av farleg avfall.

Verksemda sin vurdering av BAT-konklusjonane av 21.02.2020 er vurdert og tatt til orientering, og vil ligge til grunn for tilsyn og framtidig sakshandsaming. Dersom verksemda gjer endringar som kan ha følger for kva kategori dei fell inn under og kva for BAT-AEL som gjeld, må de sende ein ny BATvurdering og eventuelt søke om endring av løyve.

¹ <https://vann-nett.no/waterbodies/map>

² COWI AS. *Tilstandsrapport Ragn-Sells AS, Eldøyane, Stord*. 28. juni 2018.



Finansiell sikkerheit

Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland er omfatta av regelverket i avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4 punkt 4 om krav til etablering av finansiell sikkerheit. Det vises og til vilkår 2.7 i løyvet.

Vi ser at verksemda har sendt inn ny garantigrunnlag for finansiell sikkerheit i 2024, men Statsforvaltaren ønskjer at dei vurderer om den trenger ein oppdatering. Sjå vedlagt Excel-fil.

Løyvet til auka mengde og nye avfallsfraksjonar kan takast i bruk når Statsforvaltaren har godkjent beløpet på ny finansiell sikkerheit i eige vedtaksbrev.

4. Saksgang

Statsforvaltaren i Vestland behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyver etter forureiningslova. Saka er førehandsvarsla i samband med saksbehandling av søknad, jf. Forureiningsforskrifta § 36-5.

5. Klagerett

Tiltakshavar og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, kome fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Kristin Espeset
senioringeniør

Ingrid Leirvik Olsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg for Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland



Løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg for Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland

Statsforvaltaren gir Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, avfallsforskrifta §§ 4-7 og 11-6, og forureiningsforskrifta § 18-9. Løyvet med seinare endringar er gitt på grunnlag av opplysningane i søknaden og under saksbehandlinga. Løyvet er oppdatert 06.02.2026 og erstattar tidlegare løyve.

Den driftsansvarlege må i god tid på førehand søkje om å endre løyvet, dersom det er ønske om å endre drifta på måtar som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda, og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra.

Dersom den driftsansvarlege ikkje har teke i bruk heile eller vesentlege delar av løyvet innan fire år etter at løyvet har tredd i kraft, skal den driftsansvarlege sende ei forklaring for omfanget av verksemda, slik at vi kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Nøkkeldata

Driftsansvarleg	Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland (Ragn-Sells Stord)
Postadresse	Postboks 49. 2001 Lillestrøm
Org. nummer [til den driftsansvarlege]	978 596 916
Næringskode og bransje	38.110 Innsamling av ikkje-farleg avfall
Kategori for verksemda /Type verksemd ¹	5.5
Stad/gateadresse	Eldøyane 130, 5411 Stord
Kommune og fylke	Stord kommune, Vestland
Lokalisering av verksemda	UTM sone 32, øst: 302829, nord: 662966

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer: 2017.0653.T	Anleggsnummer: 4614.0058.03 4614.0058.05 4614.0058.06	Arkivref.: 2018/1997
Løyve første gang gitt: 28. august 2017	Løyve sist revidert med heimel i fl § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra: 6. februar 2026
Kristin Espeset senioringeniør		Ingrid Leirvik Olsen rådgjevar

¹ Forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova

**Endringslogg**

Endringsnr.	Endringar av	Punkt	Endringar
1		Heile dokumentet	• Oppdaterte forside • Endra «Fylkesmannen» til «Statsforvaltaren» • Oppdaterte med rette namn, tilvisingar og lenker.
		1.1	• Auka årleg totalmengde avfall frå 20 000 til 30 000 tonn. • Auka lagringsmengde stykkgoods frå 200 til 350 tonn. • Oppdaterte oversiktsfigurar over anlegget. • Lagt til krav ved lengre lagringstid.
		3.3	• Lagt til presisering om informasjon til kundar.
		3.8	• Oppdaterte med ny betongforskrift.
		4.3.	• Oppdatert krav om «Utgreiing av utslepp til vatn»
		8.1.	• Fjerna punktet «Krav om tilstandsrapport om forureina grunn og grunnvatn» då verksemda har oppfylt kravet.
		12.4.	• Oppdaterte e-postadressa.



Innholdsliste

1.	Rammevilkår	5
1.1.	Avfallstypar, aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider	5
1.2.	Utforming av anlegget.....	7
2.	Generelle vilkår.....	8
2.1.	Utsleppsavgrensingar.....	8
2.2.	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	8
2.3.	Plikt til førebyggjande vedlikehald.....	8
2.4.	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare.....	8
2.5.	Internkontroll.....	9
2.6.	Krav til kompetanse.....	9
2.7.	Finansiell sikring.....	9
3.	Krav til behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall	10
3.1.	Journalføring.....	10
3.2.	Mottakskontroll.....	10
3.3.	Informasjon til kundar.....	10
3.4.	Krav til dekke	11
3.5.	Krav til tak og vegger for nokre avfallstypar.....	11
3.6.	Mottak og lagring av farleg avfall	12
3.7.	Anlegg for kasserte køyretøy	12
3.7.1.	Miljøsanering.....	12
3.8.	Vidarelevering av mottatt avfall.....	12
4.	Utslepp til vatn.....	13
4.1.	Utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn	13
4.2.	Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m.	13
4.3.	Utgreiing av utslepp til vatn	13
4.4.	Reint overvatn.....	14
4.5.	Oversikt.....	14
4.6.	Sanitærløpsvatn.....	14
4.7.	Mudring.....	14
5.	Utslepp til luft	14
6.	Støy	15
7.	Omsyn til nærmiljø	15
8.	Grunnforureining og forureina sediment.....	15
9.	Kjemikal	16
10.	Energileiing.....	16



11.	Avfall frå drifta av anlegget	16
12.	Førebygging og beredskap mot forureining	17
13.	Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren	18
13.1.	Utsleppskontroll.....	18
13.2.	Måleprogram	18
13.3.	Kvalitetssikring av målingane.....	18
13.4.	Rapportering til Statsforvaltaren.....	18
14.	Utsifting av utstyr	19
15.	Eigarskifte	19
16.	Nedlegging.....	19
17.	Tilsyn	20



1. Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av avfall. Ved auke av behandla eller lagra mengde avfall ut over rammene i løyvet skal verksemda søke om endring av løyvet, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

Liste over avfallsfraksjonar og aktivitetar som er omfatta av løyvet går fram av punkt 1.1.

Verksemda kan årleg ta imot maksimalt 30 000 tonn avfall og 1500 kasserte køyretøy. Detaljerte krav går fram av punkt 1.1.

Figur 1 og 2 viser oversiktskart over anleggsområdet. Aktivitet knytt til løyvet skal gå føre seg på området som vist i figurane.

Verksemda er godkjent av Statsforvaltaren til å skrive ut vrakmelding. Skatteetaten utbetaler vrakpant, jf. avfallsforskrifta § 4-9.


Dersom ein aktivitet er regulert både i løyve og forskrift, er det strengaste krav som er gjeldande. Vedlegg 2 viser ei liste over definisjonar brukt i løyvet.

1.1. Avfallstypar, aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider


Oversikt over avfallstypar med tilhøyrande aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider som er omfatta av løyvet:

Type avfall	Aktivitet	Maksimal lagringsmengde	Maksimal lagringstid
Blanda næringsavfall og grovavfall frå hushald, utan farleg avfall, EE-avfall og våtorganisk avfall - usortert avfall - restavfall etter sortering	Sortering og lagring		6 dagar
			1 måned
Sortert næringsavfall utan farleg avfall, EE-avfall og våtorganisk avfall, inkludert - betong - tegl og takstein - asfalt utan tjøre - forureina masser - ordinært trevirke	Lagring	1000 tonn	12 månader
	Kverning og lagring	300 tonn	
Elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall)	Sortering og lagring	40 tonn	
Farleg avfall - på tank - stykkgoods	Sortering og lagring		
		100 tonn	
Kasserte køyretøy - usanerte - sanerte	Sortering, miljøsanering, pressing og lagring		1 måned
		100 stykk	
		250 stykk	12 månader
Smittefarleg avfall*	Lagring		6 månader

*Dispensasjon frå forskrift om smittefarleg avfall frå helseteneste og dyrehelseteneste mv. gitt i brev av 28.08.17. Gjeld smittefarleg avfall kategorisert som stikkande/skjerande.



Figur 1: Områdekart Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland.



Figur 2: Oversiktskart over lagerplan for farleg avfall hos Ragn-Sells AS avd. Sunnhordland.

Ved unntaksvis behov for lengre lagringstid (til dømes streik eller stans hos mottakar) skal verksemda på førehand utarbeide eigne planar for dette som omfattar skildring av avfallsmengder og typar, tidsrom, tiltak for å hindre forureining med vidare. Planane for dette skal gå fram i internkontrollen og skal kunne leggst fram ved tilsyn. Eigne planar for lagring utover tillate lagringstid skal rapporterast til Statsforvaltaren så snart som mogleg og i årsrapporten, jf. punkt 13.4 i løyvet.

Mengda avfall som verksemda lagrar skal til ei kvar tid vere avgrensa til det som kan lagrast på ein forsvarleg måte etter krava i løyvet. Krav til lagring er nærare omtalt under punkt 3.

Løyvet omfattar ikkje deponering eller permanent lagring av avfall.

1.2. Utforming av anlegget

Verksemda skal utforme alle bygningar, gjerder, dekke og liknande etter gjeldande lovverk og reguleringsføresegner, og eventuelt andre planføresegner for området.



Handtering av avfall skal skje på område som er tilstrekkeleg sikra for å hindre tilkomst for uvedkommande.

Verksemda skal best mogleg skjerme bustader, nærområde og offentleg veg for skjemmande innsyn.

Det skal ved behov etablerast avskjerande overvassgrøfter eller tilsvarande for å hindre at overvatn kjem inn på avfallsanlegget.

Nærare krav til utforming er spesifisert for dei ulike aktivitetane under punkt 3.

2. Generelle vilkår

2.1. Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med saksbehandlinga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

2.2. Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om forureining blir haldne innanfor fastsette grenser, pliktar verksemda å redusere forureining, under dette støy og lagring av avfall, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for gjennom vilkår i løyvet.

2.3. Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

2.4. Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 12.4.



2.5. Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert. Internkontrollsystemet skal i tillegg til å oppfylle krava i internkontrollforskrifta vere i samsvar med norsk standard for miljøleingssystem.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til akutt forureining følgjer av punkt 12.1.

2.6. Krav til kompetanse

Verksemda plikter å sjå til at anlegg og installasjonar blir drive av personar med nødvendig opplæring og kompetanse. Dette skal dokumenterast.

Verksemda skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko ved verksemda.

På anlegget skal ein ha særskild kompetanse på:

- avfallskvalitet inn og ut av anlegget, spesielt for avfall som forureina massar, betong, takstein og asfalt
- farleg avfall og EE-avfall: opplæring og oppdatert kompetanse om regelverk og handtering for alle medarbeidarar som skal handtere farleg avfall og EE-avfall, og plan for kompetanseutvikling
- kasserte elektriske- eller hybridbilar: godkjent opplæring og kompetanse for behandling dersom verksemda handterer denne type kasserte køyretøy
- framande artar³

2.7. Finansiell sikring

Verksemda skal stille økonomisk sikring for kostnader med å ta hand om alt farleg avfall ved anlegget til verksemda ved nedlegging, stans eller ved betalingsproblem, jf. Avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4 punkt 4.

Utan ei godkjent finansiell sikring kan ikkje verksemda ta imot farleg avfall ved anlegget, med mindre Statsforvaltaren har gått med på ei mellombels utsetjing av kravet.

Dersom det driftsansvarlege selskapet blir overdratt, fisjonerer/fusjonerer, får nye eigarar med bestemmande innflytelse, på annan måte blir omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast Statsforvaltaren. Nytt driftsansvarleg selskap kan ikkje drive i samsvar med løyvet før Statsforvaltaren har motteke og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet. Tidlegare driftsansvarleg selskap er ansvarleg etter løyvet fram til nytt driftsansvarleg selskap har etablert finansiell sikring, og denne er godkjent av Statsforvaltaren.

² Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (Internkontrollforskrifta)

³ Jf. lista «Fremmedartslista 2023». Lista finst på www.artsdatabanken.no



Dersom verksemda har ein avtale om kontopant og tilhøva er tilfredsstillande, skal eventuelle middel som ikkje har vorte nytta til avhending av avfallet tilbakeførast til verksemda.

3. Krav til behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall

Avfall må behandlast, handterast og lagrast slik at kvaliteten ikkje blir redusert eller avfallet blir mindre eigna for gjenvinning. Behandling, handtering og lagring må heller ikkje føre til fare for sjølvtenning.

3.1. Journalføring

Verksemda skal føre dagleg journal over kva slags avfall, kvalitet og mengder som blir teke imot og passerer anlegget. Registrering av avfallet skal skje på vekt, med unntak av kasserte køyretøy. Mengder og leveringsstader for avfall ut frå anlegget skal journalførast. Journalane skal vere lett tilgjengeleg ved kontroll og skal oppbevarast i minst 3 år.

På bakgrunn av journalen skal verksemda sikre at det er balanse mellom avfallsmengder inn til og ut av anlegget, og avfall til behandling og på lager.

Det er særskilte krav til journalføring for miljøsanering av kasserte køyretøy, jf. punkt 3.7.1.

3.2. Mottakskontroll

Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll for å sikre at avfallet som kjem inn til anlegget ikkje er i strid med løyvet. Rutinane skal også hindre innblanding av ulovleg avfall og at ulovleg avfall som kjem inn på anlegget blir sortert ut og levert til anlegg med løyve til å ta imot slikt avfall.

Ulovleg avfall som kjem inn skal registrerast som avvik. Mottakskontrollen skal også omfatte eit system og rutinar som hindrar at slikt gjentar seg.

Verksemda skal spesielt følgje opp følgjande i samband med mottakskontrollen:

- Lukt: vurdere om strakstiltak skal setjast i verk
- Farleg avfall: system som sikrar at motteke farleg avfall er deklarerert slik at den vidare handteringa kan skje på ein forsvarleg måte, jf. avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall. All deklarerering skal skje via www.avfallsdeklarerering.no.
- Kasserte køyretøy: dokumentert mottakskontroll som sikrar at kasserte køyretøy ikkje fører til fare for forureining. Kasserte køyretøy skal miljøsanerast så snart som mogeleg etter mottak, og batteri skal takast ut.
- Framande artar: rutinar for å avdekke og hindre spreiding

3.3. Informasjon til kundar

Verksemda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget.

Det skal særleg informerast om at farleg avfall og EE-avfall ikkje skal blandast med anna avfall ved merking av konteinarar, krav i kontraktar og avtaler, informasjon på nettsider med vidare. Våtorganisk avfall er det ikkje tillate å ta imot ved anlegget.



3.4. Krav til dekke

Tett dekke

Behandling og handtering, inkludert lagring, av følgjande avfallstypar skal gå føre seg på tett dekke:

- farleg avfall
- EE-avfall
- blanda nærings- og grovavfall frå hushald
- kasserte køyretøy

Verksemda kan nytte anna lagringsmåte viss miljørisikovurderinga viser at dette gir like låg risiko og elles er innanfor krava i løyvet.

For kasserte køyretøy skal følgjande uansett gå føre seg på tett dekke:

- lagring av skadde køyretøy eller andre køyretøy med fare for lekkasje
- miljøsanering (fjerning/tapping av miljøfarleg avfall frå vraka)
- oppstilling av sanerte køyretøy
- pressing
- oppstilling av pressa køyretøy

Fast dekke

Behandling og handtering, inkludert lagring, av andre avfallstypar som kan føre til fare for forureina avrenning skal minst gå føre seg på fast dekke.

Dersom risikovurderinga viser at det er naudsynt, skal behandling og handtering, inkludert lagring, likevel skje på tett dekke.

Vedlikehald av dekke

Verksemda må gjennomføre regelmessig inspeksjon og vedlikehald av dekke.

3.5. Krav til tak og vegger for nokre avfallstypar

Behandling, handtering og lagring av avfall som kan føre til fare for lukt, støv, forureina avrenning, samling av fugl, flygeavfall eller anna forureining skal gå føre seg innandørs (bygning med fire vegger og tak) eller lukka konteinarar. Verksemda kan velje anna vern eller utføre tiltak for å hindre fare for nemnde forureiningar viss miljørisikovurderinga viser at dette gir like låg risiko og elles er innanfor krava i løyvet.

Følgjande avfallstypar skal likevel alltid behandlast, handterast, og lagrast innandørs (bygning med fire vegger og tak) eller lukka konteinarar:

- blanda nærings- og grovavfall frå hushald

Følgjande avfallstypar/-aktivitetar skal som eit minimum lagrast/gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind:

- farleg avfall
- EE-avfall
- lasting og lagring av treflis
- miljøsanering av kasserte køyretøy

Forureina massar skal som eit minimum lagrast skjerma for vêr og vind.



3.6. Mottak og lagring av farleg avfall

For anlegg for mottak og lagring av farleg avfall gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall og krava i vedlegg 4 til dette kapittelet, i tillegg til krava i dette løyvet. Tanklagring skal skje i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 18.

3.7. Anlegg for kasserte køyretøy

For mottaks- og behandlingsanlegg for kasserte køyretøy gjeld krava i avfallsforskrifta § 4-7 i tillegg til krava i dette løyvet.

3.7.1. Miljøsanering

Miljøsanering av kasserte køyretøy skal minst følge krava i avfallsforskrifta kapittel 4, vedlegg 1 om kasserte køyretøy.

Ferdigsanerte køyretøy skal korttidslagrast på tappeplassen for at eventuell væske som er igjen i bilen kan drype av.

3.8. Vidarelevering av mottatt avfall

Verksemda skal leggje til rette for høgast mogleg grad av sortering og gjenvinning av alt avfall.

Vidarelevering av avfall skal skje innanfor rammene av forureiningslova, jf. §§ 7 og 32.

Det skal dokumenterast at avfall som blir levert til avfallsdeponi oppfyller krava til kvalitet i avfallsforskrifta vedlegg II om karakterisering og kriteria for mottak av avfall, jf. avfallsforskrifta § 9-11⁴.

EE-avfall skal leverast til lovleg mottak eller behandlingsanlegg. EE-avfall som inneheld radioaktive kjelder skal handterast i samsvar med regelverk for Statens strålevern.

Farleg avfall skal leverast til anlegg med løyve etter forureiningslova til å ta imot farleg avfall, jf. avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Bruk, handtering og disponering av betong skal skje i tråd med

Bruk av betong skal skje i samsvar med betongforskrifta, jf. forureiningsforskrifta § 33. Betongavfall skal disponerast i samsvar med denne. Betong som ikkje kan gå til gjenvinning eller nyttig formål må leverast til lovleg avfallsanlegg.

⁴ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)



4. Utslepp til vatn

4.1. Utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn

Alt vatn som har vore i kontakt med avfall, eventuelt spyle- og vaskevatn, og overvatn frå trafikkområdet og utandørs lagringsområde skal reknast som forureina avløpsvatn.

Utslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering er ikkje tillate. Eventuell avrenning skal samlast opp, handterast og klassifiserast før levering til lovleg avfallsanlegg.

Alt forureina avløpsvatn skal samlast opp og førast ut i Klosterfjorden på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg. Forureina avløpsvatn passere ein kontrollkum med moglegheit for mengdemåling og uttak av prøver.

Det er ikkje tillate å sleppe ut forureina avløpsvatn til grunn, bekk eller overvasssystemet.

Reingjering av dekke, golv, konteinarar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar.

Ein meir presis, og eventuelt også strengare regulering vil bli gjennomført med grunnlag i utgreiing som verksemda i samsvar med punkt 4.3 skal sende til Statsforvaltaren.

4.2. Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.

Eventuelt overvatn og avløpsvatn forureina med olje skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining slik at utsleppsgrensa fastsett i tabell under blir halden. Reinseeininga skal vere dimensjonert for dei faktiske vassmengdene som blir tilført.

Vatn frå uteområde med tett dekke for kasserte køyretøy skal uansett vere kopla til sandfang og oljeutskiljar.

Utsleppsgrense for overvatn og avløpsvatn forureina med olje:

Kjelde	Komponent	Konsentrasjonsgrense
Reinseeining for vatn forureina med olje	Olje	5 mg/l

Verksemda må gjennomføre tiltak for å hindre utslepp av plast og liknande.

4.3. Utgreiing av utslepp til vatn

Verksemda skal kartleggja/gjere greie for innhald av forureining inkludert prioriterte miljøgifter i punktutsleppa ved å:

- kartleggja kjelder til punktutslepp
- talfesta storleik på kvart punktutslepp
- anslå kva stoff, under dette prioriterte miljøgifter, desse utsleppa kan innehalda. Verksemda skal utføra nødvendige målingar for å kunna bestemma innhald av dei ulike stoffa i utsleppa
- gjennomfør ei miljørisikovurderinga av desse utsleppa

Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan **1. juni 2026**.



4.4. Reint overvatn

Reint overvatn skal førast vekk slik at dette ikkje kjem i kontakt med avfall. Avrenning av reint overvatn frå utearealet til verksemda skal handterast slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet.

4.5. Oversikt

Verksemda må ha dokumentert oversikt over leidningsnett, kummar, tankar, oljeutskiljarar, utslepp- og prøvetakingspunkt og liknande.

4.6. Sanitæravløpsvatn

Sanitært avløpsvatn skal handterast etter krav frå kommunen.

4.7. Mudring

Dersom det som følge av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakta. Slik mudring må verksemda koste sjølv.

5. Utslepp til luft

Verksemda skal drive slik at støv og lukt ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for naboar og miljø.

5.1. Støv

Verksemda skal gjennomføre effektive tiltak for å hindre støvutslepp frå all støvande aktivitet, til dømes transport og lagring av avfall, og kverning av trevirke.

Det skal lagast planar for å førebyggje og hindre støv. Planane skal baserast på risikovurdering, jf. punkt 12.1.

Ved spesielle vær- eller driftstilhøve som fører til auka risiko for støvflukt, skal det om nødvendig setjast i verk ekstra tiltak.

5.2. Lukt

Det skal lagast ein plan for å førebyggje og hindre lukt. Planen skal baserast på ei luktrisikovurdering og vise kva som skal gjerast om lukt oppstår, jf. punkt 12.1. Planen skal dekke alle relevante tema som går fram av TA 3019/2013⁵.

⁵ Regulering av luktutslepp i løyve etter forureiningslova, TA 3019/2013



6. Støy

Støy frå verksemda er underlagt støygrenser og prinsipp for handtering av støy gitt i føresegnene i detaljreguleringsplanen for Eldøyane Næringspark Sør, plan-id 201309 av Stord kommune, jf. føresegn 2.1. Støygrensene er sett som samla støy frå alle verksemdar innanfor næringsparken.

Ragn-Sells Stord må halde oversikt over lyddata for støyande arbeidsprosessar, driftstider og geografisk plassering av støyande arbeidsprosessar for si verksemd. Desse dataa skal gis vidare for bruk i ein akustisk berekningsmodell som skal dokumentere samla støy frå alle verksemdene i næringsparken, jf. føresegn 8.2.

Nedanfor er det gitt standard støygrenser og reglar for verksemdar som vert regulert etter forureiningslova. Desse grensene kan bli endra dersom støyberekningar for heile næringsparken viser at Ragn-Sells Stord sitt bidrag til samla støy tilseier at verksemda må redusere støy gjennom avbøtande tiltak.

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar (kl. 07-19)	Kveld kvardagar (kl. 19-23)	Laurdagar (kl. 07-23)	Sun- og heilagdagar (kl. 07-23)	Natt alle døgn (kl. 23-07)	Natt alle døgn (kl. 23-07)
55 L_{den}	50 $L_{evening}$	50 L_{den}	45 L_{den}	45 L_{night}	60 L_{Amax}

L_{den} er A-vega ekvivalent støyntivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

$L_{evening}$ er A-vega ekvivalent støyntivå for kveldsperioden 19–23.

L_{night} er A-vega ekvivalent støyntivå for nattperioden 23–07.

L_{Amax} er A-vega maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si ordinære verksemd, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

7. Omsyn til nærmiljø

Avfallet skal behandlast, handterast og lagrast slik at det ikkje er skjemmande eller fører til fare for samling av fugl, flygeavfall, skadedyr eller anna forureining eller andre ulemper for omgivnadane. Om nødvendig må tiltak setjast i verk.

Nærare krav er omtalt under punkt 3, 4, 5 og 6.

8. Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.



Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen⁶ eller Statsforvaltaren⁷.

9. Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.5 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe⁸.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket⁹ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

10. Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. punkt 2.5 og følge prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

11. Avfall frå drifta av anlegget

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Særleg skal verksemda prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta¹⁰.

⁶ Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

⁷ Forureiningsforskrifta kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag

⁸ Produktkontrolllova § 3a om substitusjonsplikta

⁹ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

¹⁰ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall



Søl frå olje eller kjemikalie skal fjernast med absorberande middel og behandlast som farleg avfall.

Dersom verksemda fører til at det oppstår avfall eller farleg avfall som ho sjølv ikkje kan handtere på lovleg måte, skal dette avfallet leverast vidare til godkjent mottak eller behandlingsanlegg seinast eitt år etter at det er produsert.

12. Førebygging og beredskap mot forureining

12.1. Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse, og må vurdere resultata av analysen med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast.

Miljørisikoanalysen skal dokumenterast, og må omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemda eller utanfor. Ved endringar ved anlegget skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

På anlegget er det særskilte krav til innhald i risikovurderinga:

- All behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall skal vere basert på risikovurdering.
- Risikoen for spreiding av framande artar skal inngå i miljørisikovurderinga, jf. lista «Fremmedartslista 2023». Lista finst på www.artsdatabanken.no.

12.2. Førebyggjande tiltak

På bakgrunn av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

12.3. Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer.

12.4. Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift¹¹. Verksemda skal også så snart som mogleg varsle Statsforvalteren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

¹¹ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining



13. Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

13.1. Utsleppskontroll

Verksemda skal ha oversikt over alle utslepp frå anlegget og skal gjennomføre vurderingar, med målingar der det er naudsynt, av utslepp til luft, vatn og støy til omgivnadane. Målingar omfattar prøvetaking, analyse og utrekning.

Målingar skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal som et minimum omfatte

- komponentar som er uttrykkeleg regulert gjennom grenseverdiar i løyvet eller forskrifter
- andre komponentar, under dette prioriterte miljøgifter, som er omfatta av rapporteringsplikta i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemda sin eigenrapportering. Rettleiaren er lagt ut på www.miljodirektoratet.no.

13.2. Måleprogram

Verksemda skal ha eit måleprogram som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

Når verksemda utarbeider måleprogrammet, skal de:

- velje prøvetakingsfrekvensar som gir representative prøver
- vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (prøvetaking – analyse – utrekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå

Måleprogrammet skal omtale dei ulike trinna i målingane og grunngi valde metodar. Det skal gå fram av måleprogrammet kva for usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir.

13.3. Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføringar er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal eller utanlandsk standard brukast. Statsforvaltaren kan vidare godta at annan metode brukast dersom særlege omsyn tilseier det.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytar skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta

13.4. Rapportering til Statsforvaltaren

Verksemda skal rapportere til Statsforvaltaren frå førre år innan 1. mars kvart år.

Statsforvaltaren kan be om at standard rapporteringsskjema blir brukt. Rapporten skal minst innehalde følgjande opplysningar:

- Oppsummering av avfallsmengder og -typar inn og ut av anlegget, og kvar avfallet er levert vidare
- Lagerstatus ved starten (1. januar) og slutten av året (31. desember)



- Omfang av innslag av ulovlege fraksjonar i avfallet, handtering av dette, og utgreiing av førebyggjande tiltak og informasjonstiltak
- Eventuelle avvik innan ytre miljø og gjennomførte tiltak
- Analyseresultat av utsleppskontroll av forureina avløpsvatn, inkludert overvatn
- Vurdering av status for utslepp og påverknad av miljø vurdert opp mot krava i løyvet, inkludert vurdering av om det er naudsynt med tiltak for å redusere forureining til sjø, jf. punkt 4
- Oppsummering av status for internkontrollen, inkludert ei vurdering om verksemda har heldt krava i løyvet og om verksemda fører til miljøulempar som bør utbetrast

14. Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillе krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillе dei krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining som følgjer av relevante BAT-konklusjonar, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Viss verksemda skal skifte ut utstyr som kan vere av vesentleg tyding for verksemda sitt utslepp, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir tatt avgjerd om val av utstyr.

15. Eigarskifte

Om verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

Dersom det driftsansvarlege selskapet blir overdratt, fisjoner/fusjonerer, får nye eigarar med bestemmande innverknad, på annan måte blir omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast til forureiningsstyresmakta. Nytt driftsansvarleg selskap kan ikkje drive i samsvar med løyvet før forureiningsstyresmakta har mottatt og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet.

16. Nedlegging

Viss eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand gje melding til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall



blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹². Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal verksemda rapportere til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Viss verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

17. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

¹² Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

**VEDLEGG 1 – Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1**

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at utsleppet av desse ikkje har noko å seie for miljøet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar:	Vanlege forkortningar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorerte organiske sambindingar:	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furaner	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C10 - C13 (kloralkaner C10 - C13)	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C14 - C17 (kloralkaner C14 - C17)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloretan	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP
Enkelte tensid:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Nitromusksambindingar:	
Muskxylen	
Alkylfenolar og alkylfenoletoksylater:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksylater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylater	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

**Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)**

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyre C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar:

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon

PAH

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)

DEHP

Bisfenol A

BPA

Siloksan

Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyktetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)p	UV-350

**VEDLEGG 2 - Omgrep og forkortingar**

Omgrep	Forklaring
ADR	Avtalen om internasjonal vegtransport av farlig gods
BAT-AEL	Bat Associated Emission level – forpliktande utsléppsgrensenivå for verksemdar omfatta av IED
Den driftsansvarlege	Den fysiske eller juridiske personen som driv eller kontrollerer drifta av verksemda
Diffuse utslepp	Alle utslepp utanom eventuelle punktkjelder
Fast dekke	Fast dekke med moglegheit for oppsamling av avrenning, t.d. asfalt
IED	Industriutsléppsdirektivet
Impulsstøy	Kortvarige, støyttise lydtrykk som varer under 1 sekund, og der impulslyden er av typen "highly impulsive sound" som definert i T-1442 kapittel 6
Innandørs	Fire vegger, tak og dør eller port
Midlingstid	Tidsrommet for berekning av gjennomsnittet av prøvene i ei måling
Tett dekke	Fast, ugjennomtrengjeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle avfallstypene
Verksemd	Den forureinande aktiviteten på ein viss lokalitet